

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Ekstramøte, digitalt
<b>Dato:</b>	28.10.2021
<b>Tid:</b>	11:00

### Program

11:00- Saksbehandling til møtet kan avsluttast

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

### Melding om forfall:

Alle medlemmer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i fylkesutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.



Jon Askeland

fylkesordførar

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>	<b>U.Off</b>
GK 32/21	<b>Godkjenningssaker</b> Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 208/21	<b>Politiske saker</b> Søknad om midlertidig fritak - Aleksander Øren Heen	2021/49935	

**Godkjenningssaker**  
**GK 32/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**  
**Politiske saker**  
**PS 208/21 Søknad om midlertidig fritak - Aleksander Øren Heen**

---

Saksnr: 2021/49935-4  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet	208/21	28.10.2021

**Søknad om midlertidig fritak - Aleksander Øren Heen**

Forslag til vedtak

Aleksander Øren Heen (Sp) sin søknad om midlertidig fritak for verv i folkevalde organ vert innvilga. Fritaket gjeld frå 22. oktober 2021 og så lenge Øren Heen innehar stillinga som statssekretær i Klima- og miljødepartementet.

Samandrag

Aleksander Øren Heen (Sp) har søkt om midlertidig fritak for alle sine verv i folkevalde organ i Vestland fylkeskommune, då han er blitt utnemnd til statssekretær i Klima- og miljødepartementet. Fylkesdirektøren har vurdert at vilkåret for fritak er oppfylt.

Rune Haugsdal  
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

**Aleksander Øren Heen (Sp)** har 17. oktober 2021 sendt inn slik søknad om midlertidig fritak frå alle sine verv som folkevald i Vestland fylkeskommune:

«Fredag 22. oktober blir eg utnemnd til statssekretær i Klima- og miljødepartementet.

Med bakgrunn i det søker eg om midlertidig fritak for mine verv i Vestland fylkeskommune, og der eg er vald av Vestland fylkeskommune.

Sp vil koma attende til aktuelle kandidatar som mellombels kan fylle dei verva eg har.»

Fylkesdirektøren vil streke under at fritakssøknaden som her vert behandla, er avgrensa til verv i folkevalde organ der kommunelova sine føresegner kjem til anvendelse. Eventuell utreden i andre stiftingar, selskap, råd, organisasjonar mv. følgjer eigne prosessar.

Øren Heen har følgjande verv i folkevald organ i Vestland fylkeskommune:

Fylkestinget: Medlem  
Fylkesutvalet: Medlem  
Finansutvalet: Medlem  
Fylkesvalstyret: Medlem  
Arbeidsutval delegeringsreglement: Medlem  
Hovudutval for næring: Medlem  
Valnemnda: Medlem  
Vestlandsrådet: 1. varamedlem

Vedtakskompetanse

Mynde til å fatte vedtak i saker om søknad om midlertidig eller varig fritak frå verv som folkevald ligg til fylkestinget, jf. kommunelova § 7-9 (2).

Av reglement for fylkesutvalet punkt 3, går fram at fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som skulle vore vedteke av fylkestinget, når det er naudsynt å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalle til dette, jf. kommunelova § 11-8.

Søknader om midlertidig fritak kan vere av kortare eller lengre tidsrom. Når folkevalde ber om fritak omgåande, meiner fylkesdirektøren at det av omsyn til den folkevalde er naudsynt å treffe vedtak så raskt som mogleg. Det er no etablert praksis at slike saker vert lagt fram snarast råd for fylkesutvalet (med mindre fylkestinget har møte først).

Når det eventuelt val av setjemedlem, vil fylkesdirektøren som vanleg leggje fram slik sak for neste fylkesting.

Fylkesdirektøren sine vurderingar

Av kommunelova § 7-9 (2) følger:

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt. Den som ikke har nådd stemmerettsalderen, har krav på fritak hvis han eller hun søker om det.»

Av førearbeida (Prop. 46 L. (2017-2018)) følger mellom anna:

«Bestemmelsen klargjør at det er opp til kommunestyret å avgjøre hvor lang tid en fritakssøknad kan gis for. Fritak kan gis både for kortere og lengre tidsrom. Et fritak trenger ikke tidfestes til et konkret tidsrom, men kan gis for så lenge fritaksgrunnen foreligger. Slikt

tidsubestemt fritak kan for eksempel være aktuelt dersom en kommunestyrerepresentant blir statsråd eller statssekretær.»

Fylkesdirektøren slår fast at grunngevinga for søknaden ikkje var kjend for Øren Heen då han samtykka i å stille til val. Fylkesdirektøren finn at det vil vere til vesentleg ulempe for Øren Heen om fritak ikkje vert gjeve. Fylkesdirektøren konstaterer at fritaksgrunnen er i kjerneområde for kva lovgjevar har vurdert som aktuelle midlertidige fritak. Fylkesdirektøren rår til at søknaden vert innvilga. Fritaket vil gjelde så lenge Øren Heen innehar stilling som statssekretær i Klima- og miljødepartementet.

Av kommunelova § 7-10 (2) følger:

«Hvis en folkevalgt i andre organer enn kommunestyret og fylkestinget er innvilget fritak i minst tre måneder, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge et settemedlem for den perioden fritaket gjelder. Ved valg av et settemedlem skal rekkefølgen på listen for varamedlemmer følges.»

Det er altså fylkestinget sjølv som eventuelt vel setjemedlem til andre organ enn fylkestinget. Eiga sak om val av setjemedlem vert lagt fram for fylkestinget i desember. Fylkesdirektøren gjer merksam på at det er første varamedlem i respektive organ som skal veljast.

Det kan ikkje veljast setjemedlem til fylkestinget. Her vert varamedlem kalla inn som vanleg i tråd med kommunelova § 7-10 (1):

«Hvis medlemmer har forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmer fra den gruppen der det er forfall. Varamedlemmer skal så langt som mulig innkalles i den nummerordenen de er valgt.»

Konklusjon

Søknaden til Aleksander Øren Heen (Sp) vert innvilga. Midlertidig fritak for folkevalde verv gjeld så lenge Øren Heen innehar stillinga som statssekretær i Klima- og miljødepartementet.